



MØTEBOK

Møte: 1-2022
Møtedato: Onsdag 23.2.2022
Møtestad: Viefluno
Tid: 18.00

Desse møte:

John Olav Habbestad, Elisabeth Bjørnevik, Trygve Totland, Camilla Rubach, Heidi Vold
Ådnanes, Hans Otto Robberstad, Asbjørn Gundersen, Elin Taranger og Trygve Leigland.

Desse var ikkje på møtet og det lukkast heller ikkje å få inn vara for:
Åse Innvær og Odd Ingvar Nilssen

John Olav Habbestad leia møtet.

2022-01-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Godkjent

2022-01-02 MØTEBOK 7 – 2021

2022-01-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Stab
Utlysing av pedagogstillingar – Ein ledig fast stilling frå 1.8 og eit ledig
årsvikariat.

Punkt som vart spelt inn:

2. 400-jubileum for Bømlo gamle kyrkje
Vart nemnd på at det er viktig å få ut invitasjonar snarast.

2022-01-04 VAL AV LEIAR OG NESTLEIAR FOR 2022

Vedtak:

John Olav Habbestad vert gjenvalt som leiar
Elisabeth Bjørnevik vert gjenvalt som nestleiar.

2022-01-05 MØTEPLAN 2022

Våren 2022

23. februar

4. mai

1. juni

Hausten 2022

31. august

19. oktober

7. desember

2022-01-06 FORELØPIG ÅRSREKNESKAP 2021

Nokre tal/problemstillingar vart drøfta. Det vart blant anna stilt spørsmål til om fellesrådet skulle vurdere fastprisavtale for straum. Det var stilt spørsmål til kva ein såg føre seg når det gjaldt framtidig leige av Espevær bedehusapell, og kvifor det for 2021 ikkje var budsjettert med orgelstemming men det likevel var komme kostnad på nær 40 000,-

Vedtak:

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd tek foreløpig årsrekneskap for 2021 til vitande.
2. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtekt å føre rekneskapsmessig mindreforbruk på ubundne fond.
3. Endeleg vedtak vert gjort når rekneskap er klart.

2022-01-07 ENDRING I ORGELKOMITEEN PÅ MOSTER

Orgelkomiteen på Moster fekk mykje ros for den svært gode jobben dei har gjort med innsamling og planlegging til nytt orgel i Moster kyrkje.

Vedtak:

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner nye leiar i orgelkomiteen på Moster, Elin Taranger.
2. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner at det ikkje vera rekruttert inn nye medlem i komiteen.

2022-01-08 GODKJENNING AV MESSEHAKEL TIL BREMNES SOKN

Vedtak:

1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner soknerådet sitt arbeid med ny messehakel til Bremnes sokn.
2. Bømlo kyrkjelege fellesråd sender på vegne av Bremnes sokneråd søknad om ny messehakel til bruk i Bremnes kyrkje.
3. Bømlo kyrkjelege fellesråd kjøper messehakelen når denne er godkjent og klar.

John Olav Habbestad
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje